


Fra: Kristin Schübeler Nielsen
Sendt: torsdag 15. juni 2017 09.46
Til: 'kwil-jac@online.no'
Kopi: Christian Hagerup Reinshol
Emne: Reguleringsplan for Feste kai og Hamneset - svar på spørsmål
Vedlegg: Vedk reguleringsplanar (267218).pdf

Hei!

Eg viser til e-posten din med spørsmål om materiale som skal leverast inn for reguleringsplanane for Feste kai og Hamneset.

I kommuneplanens arealdel § 1.27 er det sett krav til utarbeiding av vindanalyse ved utarbeiding av småbåthamnar. Under er denne paragrafen og utklipp frå plankartet til kommuneplanen vist. Kravet er sett i kommuneplanen, og vi har ikkje høve til å fråvike frå dette.

- 1.27 Ved utarbeiding av reguleringsplan for bustadområde B20, næringsområde N9 og småbåthamner S2, S4, S5, S6, S8, S9, S10, S12, S13, S14, S15, S16, S17, S18, S21, S22, S23, S26 og S27 skal det gjerast ei særskild vurdering av vindtilhøva, jf. ROS-analysen. Det skal planleggjast slik at bygging og anlegg ikkje tek unødig skade av sterk vind. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 8.



Når det gjeld Hamneset, er situasjonen og skalaen ein annan. Her er det ikkje opna opp for småbåthamn i kommuneplanen, og ut frå referatet frå oppstartsmøtet, ser eg at de ønskjer de å prøve å legge inn naust, og ikkje eit småbåtanlegg.

Når det gjeld spørsmålet om innlevering av planmateriale, er det ikkje lenger trong for noko materiale i papirformat, men alt må leverast elektronisk.

Med venleg helsing

Kristin Nielsen | Arealplanleggar/siv.ark

E-post: kristin.nielsen@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 51 03

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

